



Arkivnr: 2014/11640-180

Saksbehandlar: David Aasen Sandved, Tor Andreas Titlestad

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval  | Saknr. | Møtedato   |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling |        | 20.11.2019 |

## Prosjektet Kraftturisme - opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet. Tinging av forprosjektrapport

### Samandrag

Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar er i startfasen med å utvikle eit samarbeidsprosjekt med arbeidstitel: «Kraftturisme - opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet».

I Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane finn ein den største konsentrasjonen i landet av stader som i løpet av dramatisk korte tidsspenn på 1900-talet gjekk gjennom totale transformasjonar frå før-industriell produksjon og levesett til levesett basert på hydroelektrisk industriutbygging. Så sterke var desse transformasjonskreftene at heile landskap vart omdanna til kraft – og industrilandskap.

**Prosjekt «Kraftturisme. Opplevingar i det vestnorske kraftlandskap» vil ha som eit overordna mål å samordne og legge til rette for at det kan utviklast brei verdiskaping basert på ei kopling mellom desse satsingane og samstundes skape eit attraktivt reiselivsprodukt.**

I samband med arbeidet med ny regional planstrategi 2020-2024, har to av fylkeskommunane laga eit kunnskapsgrunnlag i rapporten «Vestland. Utfordingar for fylket og regionane». Rapporten skriv at *Utviklinga peikar [no] i retning av større utfordringar med redusert innvandring og fallande fødselstal. Dette kan skape eit større skilje mellom kommunane. Indre deler av Vestland kan merke dette mest, men også langs kysten kring Sognefjorden og nord i fylket kan merke fylgjene av dette dei næraste åra.*

Det er i dei indre delane av Vestland vi finn dei mektigaste, historiske kraftlandskapa som er peika ut som satsingsområdet for prosjektet med tanke på utvikling av grønt reiseliv. Vi ser no at ei ny rolle – forvaltarrolla/berekraft - i reiselivsnæringa vinn tyngd i høve til den tradisjonelle destinasjonsutviklarrolla (volum). I eit slikt utviklings-/forvaltarperspektiv høyrer prosjektet heime.

I høve til grønt konkurransekraft og kulturminne som ressurs for utvikling peiker rapporten på: *Kulturminne og kulturmiljø må i aukande grad bli sett på som ressursar for lokal næringsutvikling. Bevaring og gjenbruk av kulturminne i kombinasjon med busetjing og vekst skapar positive synergjar i lokalsamfunnet.*

Å utløyse opplevingsverdiar i kraft – og industrilandskapet er den sentrale utfordringa eit seinare hovudprosjekt vil sikte seg inn mot.

Igangsettinga av eit hovudprosjekt på dette temaet, må ha kunnskap om marknader og interessa for «kraftturisme» hos reiselivs –og kulturaktørar som basis. For å skaffe oss denne kunnskapen og kartlegge interessa, ønsker vi å få gjennomført eit forprosjekt.

Forprosjektet har 4 delmål. Leverandøren skal:

1. Greie ut om det er marknadspotensial nasjonalt og internasjonalt for kraftturisme gjennom utvikling og tilrettelegging av opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet.
2. Skaffe fram kvalitativt god og relevant marknadskunnskap som grunnlag for produktutviklingsarbeid og for å skildre marknadspotensialet.
3. Avklare interessa blant kultur – og reiselivsaktørane i områda for «kraftturisme» generelt.
4. Avklare interessa blant aktørane for ei forpliktande deltaking i eit hovudsprosjekt med mål om å utvikle eksisterande og nye reiselivsprodukt knytta til opplevinga av kraftlandskapet på Vestlandet. For å oppnå dette, må det verte arrangert 3 samlingar med aktørar frå reise – og kulturliv og offentlege mynde, eitt møte i Rogaland, eitt i Hordaland og eitt i Sogn og Fjordane.

Val av leverandør skjer gjennom anbudskonkurranse. Oppdraget har ei tidsramme på 3 månader og ei økonomisk ramme på kr 150.000 (eks. mva). I utgangspunktet ville det vore naturleg med ei tredeling av kostnadene mellom fylka med kr 50.000 kvar. Gjennom fylkessamanslåinga til Vestland er det rett å sjå Hordaland og Sogn og Fjordane i samanheng - 2Xkr 50.000 = kr 100.000 - og setje av kr 100.000 i budsjettmidlar til dette føremålet. Rogaland fylkeskommune bidreg med kr 50.000. I tillegg til dette, vert det sett av kr 10.000 for leverandøren til dekking av kostnader i tilknytning til dei tre regionale samlingane.

**Økonomi:** Kostnadene er budsjettert og medfører såleis ikkje meirkostnader for fylkeskommunen.

**Klima:** Tiltaket er ikkje av ein karakter som forureinar ytre miljø.

**Folkehelse:** Tiltaket er med å leggje grunnlag for aktivitetsbasert småskalaturisme som er positivt for folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tiltaket er i tråd med innhaldet i rapporten «*Vestland. utfordringar for fylket og regionane*» som vil vere med å danne kunnskapsgrunnlaget for ny regional planstrategi 2020 – 2024.

#### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til prosess for kjøp av konsulenttenester til forprosjektet «Kraftturisme. Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet».
2. Det vert stilt til rådvelde kr 100.000 til forprosjektet. Dette er midlar som er budsjettert og medfører såleis ikkje meirkostnader for fylkeskommunen. Totalkostnadene – kr 150 000 (eks. mva.) - vert delt med kr 50.000 frå Rogaland og kr 100.000 frå oss. Til dei tre regionale samlingane vert det i tillegg sett av opp til kr 10.000 av budsjettmidlar for leverandøren til dekking av kostnader til gjennomføringa av samlingane.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 24.09.2019

Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar er i startfasen med å utvikle eit samarbeidsprosjekt med arbeidstitel: «Kraftturisme. Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet».

For kulturminneforvaltninga vil det vere særleg fokus på kulturminne i høve samfunnsnytte og verdiskaping. Prioriteringane her gjeld verdsarv, berekraftig reiseliv, samt arbeid med andre fylkeskommunar om kystpeilegrimsleia og reiserute med opplevingar i det vestnorske kraftlandskap.

I Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane finn ein den største konsentrasjonen i landet av stader som i løpet av dramatisk korte tidsspenn på 1900-talet gjekk gjennom totale transformasjonar frå før-industriell produksjon og levesett til levesett basert på hydroelektrisk industriutbygging. Så sterke var desse transformasjonskreftene at heile landskap vart omdanna, til kraft – og industrilandskap.

I kjølvatnet av denne «2. industrielle revolusjonen» vart det også skapt så store kulturhistoriske verdier at samfunnet har sett inn store ressursar i forvaltninga av dei, langs fleire forvaltningsstrategiar:

- Norsk Vassdrags – og Industridirektorat (NVE) ivaretek ansvar for energisektorens kulturminne, presentert i temaplanane: *Kulturminner i norsk kraftproduksjon, Kraftoverføringens kulturminner, Dammer som kulturminner.*
- Riksantikvaren gjennom tiltaket «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse» (KULA) der Hordaland har ferdigstilt sin rapport «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland
- Riksantikvaren og den regionale kulturminneforvaltninga gjennom satsing og program for teknisk – industrielle kulturminne
- Utviklinga av lokalt planarbeid gjennom «Kulturminne i kommunane» (KIK)
- Samferdselssektoren har gjennom Statens Vegvesen si satsing «Nasjonale Turistveggar i Norge» utvikla «...18 kjøreturer gjennom vakker norsk natur der opplevelsen forsterkes med nyskapende arkitektur og tankevekkende kunst på tilrettelagte utsiktspunkt og rasteplasser.»

Det ligg store utfordringar i å samordne tiltak og verkemidlar inn mot eit forvaltnings- og utviklingsperspektiv som tek inn over seg framtidige krav til klimatilpassingar og berekraft og ta vare på og verdsette urørt natur.

Prosjekt «Kraftturisme. Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet» vil ha som eit overordna mål om å samordne og legge til rette for at det kan utviklast brei verdiskaping basert på ei kopling mellom desse satsingane og samstundes skape eit attraktivt reiselivsprodukt.

I samband med arbeidet med ny regional planstrategi 2020-2024, har fylka laga eit kunnskapsgrunnlag i rapporten «*Vestland. Utfordringar for fylket og regionane*». Rapporten skriv at *Utviklinga peikar [no] i retning av større utfordringar med redusert innvandring og fallande fødselstal. Dette kan skape eit større skilje mellom kommunane. Indre deler av Vestland kan merke dette mest, men også langs kysten kring Sognefjorden og nord i fylket kan merke fylgjene av dette dei næraste åra.*

Det er i dei indre delane av Vestland vi finn dei mektigaste, historiske kraftlandskapa som er peika ut som satsingsområdet for prosjektet med tanke på utvikling av grønt reiseliv. Vi ser no at ei ny rolle – forvaltarrolla/berekraft - i reiselivsnæringa vinn tyngd i høve til den tradisjonelle destinasjonsutviklarrolla (volum). I eit slikt utviklings-/forvaltarperspektiv høyrer prosjektet heime.

I høve til grøn konkurransekraft og kulturminne som ressurs for utvikling peiker rapporten på: *Kulturminne og kulturmiljø må i aukande grad bli sett på som ressursar for lokal næringsutvikling. Bevaring og gjenbruk av kulturminne i kombinasjon med busetjing og vekst skapar positive synergjar i lokalsamfunnet.*

Det er det dette prosjektet tek mål av seg til å gjere. Å utløyse opplevingsverdier i kraft – og industrilandskapet er den sentrale utfordringa eit seinare hovudprosjekt vil sikte seg inn mot.

Igangsettinga av eit hovudprosjekt på dette temaet, må ha kunnskap om marknader og interessa for «kraftturisme» hos reiselivs – og kulturaktørar som basis. For å skaffe oss denne kunnskapen og kartlegge interessa, ønsker vi å få gjennomført eit forprosjekt.

#### Forprosjektet (leveransen)

Forprosjektet har 4 delmål. Leverandøren skal:

1. Greie ut om det er marknadspotensial nasjonalt og internasjonalt for kraftturisme gjennom utvikling og tilrettelegging av opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet.
2. Skaffe fram kvalitativt god og relevant marknadskunnskap som grunnlag for produktutviklingsarbeid og for å skildre marknadspotensialet.
3. Avklare interessa blant kultur – og reiselivsaktørane i områda for «kraftturisme» generelt.
4. Avklare interessa blant aktørane for ei forpliktande deltaking i eit hovudsprosjekt med mål om å utvikle eksisterande og nye reiselivsprodukt knytta til opplevinga av kraftlandskapet på Vestlandet. For å oppnå dette, må det verte arrangert 3 samlingar med aktørar frå reise – og kulturliv og offentlege mynde, eitt møte i Rogaland, eitt i Hordaland og eitt i Sogn og Fjordane.

#### Geografisk område

Oppdraget femner geografisk Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane med serleg vekt på følgjande stader (dei med utheving er dei viktigaste):

#### *Rogaland:*

Stavanger som utgangspunkt:

Fotland Mølle og kraftstasjon  
Fosvatnet kraftstasjon  
Oltedal kraftstasjon  
Jøssingfjord / Nedre Hellenen kraftstasjon  
Flørli  
Kraftstasjonen i Lysebotn  
Ulla/Førre

Haugesund som utgangspunkt:

**Sauda 3/Industriarbeidermuseet / Åbø-byen (Sauda)**  
Allmannajuvet  
**Storlivatn dam - Svartavatn dam**  
**Nesflaten, Suldal 1 kraftstasjon - Energihotellet**

#### *Hordaland:*

**Røldal**

**Norsk Vasskraft og Industristadsmuseum – Tyssedal kraftstasjon / Senjanaset trafostasjon**  
**Kraftledning Tyssedal – Odda / Lilletopp - Ringedalsdammen**

Sima m/Sysendammen + Eidfjord Natursenter  
Kinsarvik/Kinso 1 kraftverk (industristaden som aldri vart noko av)  
Ålvik

#### *Sogn og Fjordane:*

Svelgen kraftverk  
**Høyanger kraftverk 1-5 og Industristadsmuseet/Byporten**

Årdal – Eriksdal kraftverk, Nye/Tyin kraftverk, Mannsberg  
Aurland 1- 5 + Leinafoss

Refsdal i Vik + Kraftledning Refsdal - Fardal m/Sognefjordsspennet

#### Organisering

Vestland fylkeskommune, vert oppdragsgjevar for forprosjektet.

Det vert etablert ei arbeidsgruppe for forprosjektet bestående av ein representant for Rogaland fylkeskommune og 2 frå Vestland, 3 medlemar til saman. Arbeidsgruppa skal ivareta det kulturminnefaglege innhaldet i prosjektet, og sikre god interregional koordinering.

#### Gjennomførings- og leveringstidspunkt

Oppdraget skal verte gjennomført med ei tidsramme på 3 månader og med ei økonomisk ramme på kr 150.000 (eks. mva). I utgangspunktet ville det vore naturleg med ei tredeling av kostnadene mellom fylka med kr 50.000 kvar. Gjennom fylkessamanslåinga til Vestland er det rett å sjå Hordaland og Sogn og Fjordane i samanheng -  $2 \times \text{kr } 50.000 = \text{kr } 100.000$  - og setje av kr 100.000 i budsjettmidlar til dette føremålet. Rogaland fylkeskommune bidreg med kr 50.000. I tillegg til dette, vert det sett av kr 10.000 for leverandøren til dekking av kostnader i tilknytning til dei tre regionale samlingane.